

# Årsmelding Osterøy IL Håndballgruppa 2010

Lonevåg 21.2.2011

Styret for 2010 har bestått av Leiar: Lars-Erik Haga Nestleiar: Albert  
Slettebakken Kasserar: Hildegunn Mjøs Skrivar: Søgni Evy Skår Styremedlem  
Barbro Lillejord Styremedlem: Heine Tjoflot Styremedlem: Tove Bratland

Valnemnd Handballgruppa har ikkje hatt eigen valnemnd på ei stund. Me har delvis lukkast med å få opp å gå ei valnemnd, Merethe Engstrøm og Ingrid Tveiterås har fungert fram til årets årsmøte.

Administrasjon Styret har i driftsåret 2010 stort sett gjennomført eit styremøte kvar månad (med unntak av feriemnd.)

Medlemstal OIL Handball er dessverre framleis i nedgang, og har etter siste telling 88 medlemmar.

Deltaking i cupar I tillegg til seriespel, har dei fleste laga delteke på cupar: Ål Cup, Voss Cup, Julecup og felles tur til Førde der J10, J11, J13, J14 og J 15 var med i Førde Cup.

Trenarar I løpet av 2010 har vi hatt disse trenarane: Kjell Gjøstein, Åshill Fredriksen, Veronika Birkeland, Kjersti Kleppe, Hege Kallekleiv Nilsen, Johannes Tveiterås, Elin Kleppe, Frida R. Jacobsen, Sigrid Borge og Susann Torgersen. Det er framleis store utfordringar med å skaffa nye trenarar. Me gjennomførte i august eit trenarkurs i Osteøyhallen. Vonar dette vil gje positivt resultat etter kvart.

Dommarar Me har i år fått oss klubbdommarar. I februar gjennomførte me eit dommarkurs i forkant av HaFo 2010. Desse har gjort ein framifrå innsats for klubben så langt.

Serien Denne sesongen har me fem lag med i serien. Det er J9, J10, J11, J13, J14 og J15. Me har i 2010 dessverre ikkje hatt aktivt gutelag.

Osterøyhallen – kampavvikling Kampavviklinga i hallen går greit. Hausten 2010 har me forsøkt å fordela ansvaret på fleire av foreldra. No har me i alle laga ein Ansvarskontakt, ein Fair Play vert og ein Foreldrekontakt, som alle har gjort ein god jobb med å gjennomføra og skaffa foreldre til arrangementa, og foreldre har vore flinke til å stilla opp. Me kan nemna spesielt HaFo-turneringa og miniturneringa som ble avvikla på ein god måte.

Dommar – Fair Play- prosjekt Klubben vår fekk som einaste i Hordaland, vera med på eit prosjekt som skal leia oss fram til å engasjera fleire i klubben vår. Me kom i gang våren 2010, men det stogga litt opp i haust. Me vonar at prosjektet vert fullført i løpet av våren 2011.

Handballeiarkurs Albert Slettebakken, Søgni Evy Skår og Lars-Erik Haga deltok i mai på handballeiarkurs i Bergen. Der fekk ein mykje inspirasjon til styrearbeidet.

Styret vil takka alle som har vore med å utføra små og store oppgåver for handballgruppa i året som har gått. Med helsing

Lars-Erik Haga Leiar OIL Handball